

Til Kvinnherad kommunestyre. 20.11.2014

Vil med dette koma med at me er sterkt mot at Statkraft Energi A/S får konsesjon å byggja ut Pyttafloene, som Nodrepollen og Austrepollselva vert berørt av. Ser at det er utrekna 59 prosent redusert vassføringa, dette vel ganske teoretisk.

1. Austrepollen: Såfossen er no den einaste Vatnet som er att inne i dalbotnen, og år med lite nedbør, vil verta mest tørrlagt, det viste godt i summar som var.

Då Sondefossen vart utbygd i 1970åra på andre sida av dalen, gjekk det minst 10-15 år før vegetasjonen kom tilbake. Sauene trakte med ein gong til området med Såfossen. Det vil verta sterkt for-ringing av beite, og tildels lite, eller ikkje drikkevatt for "dyra".

2. Statkraft har laga Austrepollselva til for fisk, og har sett ut laks og ørret, men det har vist seg at det har vore i minste laget med vatn i elva, som det er no.

3. Rideveg mot Folgefonna: Mauranger er frå gammalt av kjend for turisme, og det vart bygd rideveg i 1890åra med overnattingshytte for hest og folk oppe ved Mysevatnet, turister frå inn og utland var mektig imponerte, av vill natur og ikkje minst dei fine fossane, dette er borte, og neddemt i dag. To av grunneigarane har rusta opp den gamle ridestien, og prøvd å halda den vedlike så godt det let seg gjera, fekk litt stønad av kommunen. Skal no siste fossen forsvinda, så sit me ganske ribba igjen. Lat fossen få renna, til glede og trivsel for folk og dyr.

M.V.H
GRUNNEIGARA OG INNBYGGJARA
I AUSTREPOLLEN

Jonny Furehult

Sverre Ørethun

Norvald Ørethun

Olaug Hestvik

Grethe Hestvik

Hans Robert Fjorden

Astrid Kihlberg

Oleat Werhøi Halberg

Grete. Bonchus

Mauranger 17.11.2014

Barbro Maria Gjerde

Anders Gjerde

Kalvøen

Sunniva Trøtt

Gunnar Omarken